



MEDLEMSSKRIV SEPTEMBER 2019.

Søknad om prod.tilskot og avløysartilskot søknadsfrist 15. okt..

Søknad om avløysartilskot:

- I år som i fjor er det viktig at de registrerer kva som er brukt av avløysarutgifter fram til 15. okt.
- Har de ikkje brukt noko fram til no, må de skrive ein 0,- for så å kunne endre/etterregistrere utgiftene fram til 10. jan. 2020.

Kontoutdrag som viser kor mykje som er brukt hittil i år ligg med dette brevet. For dei som mottek dette brevet som e-post, vil det kome ein eigen e-post med kontoutdraget.

Kor stort avløysartilskot får eg:

- Berekna avløysartilskot vil stå i søknaden når de har fylt den ut og er klar til innsending. Noter ned beløpet eller ta utskrift av søknaden og send det til Laget på e-post/sms e.l. slik at beløpet kan verte registrert på kontoutdraget dykkar.
- Maksimalt tilskot i 2019 er kr. 83.400,-.

Etterregistrering kan skje fram til 10. januar 2019. Men lønn som skal med i 2019 må vere utbetalt innan 31. desember. Vi vil i år ha halv skatt på lønn som vert betalt ut i november.

Digitale timelister

Frå 01.01.2020 vil Avløysarlaget tilby medlemane sine ei digital løysing for innlevering av timelister / arbeidsavtalar m.m. Meir opplysningar omkring dette vil kome seinare i haust. For å kunne nytte seg av dette, må avløysar og gardbrukar ha e-post og tilgang til smarttelefon/nettbrett/PC.

Dokumentert opplæring

Alle medlemmer er pålagt å ha opplæring i bruk av utstyr på garden (KSL-krav) for avløysarane sine. Skjema for dokumentert opplæring får du på kontoret. Skal oppbevarast i KSL-permen din. Treng ikkje levarast kontoret.

Avløysarkurs.

Det er i haust planlagt avløysarkurs i samarbeid med skulen. Påmeldingsfrist er onsdag 2. oktober. Oppstart onsdag 16. oktober.

Nytt tilbod til svineprodusentar!

Bjerkreim Avløysarlag har eit nytt tilbod til Svineprodusentar: de kan no få avløysing frå den delen av arbeidstida de brukar på føring av produksjonsdata i INGRIS.

Hilde Elin Østerhus, tidl. rådgjevar i Nortura, har 6 års fartstid i bruk av INGRIS. Ho vil no tilby dei som ynskjer det, å få ført inn produksjonsdata i både Ingris Tilvekst og Smågris. Begge programma gir viktige nøkkeltal for produsenten å styre etter. Liten innsats = stor effekt. Prisen vil liggje på kr. 350,- pr time + mva og vil bli fakturert av Avløysarlaget.

Hvis dette er noko for deg, ta kontakt med Hilde Elin på mob. 48165311, eller hildeelin@hotmail.com